

FOTO: HAAKON BARSTAD

## Skuffa over regjeringa

Regjeringa ønskjer å bruke 20 millionar kroner for å jamne ut forskjellane i nettleiga. – Vi er på ingen måte fornøgd, seier Knut Lockert i bransjeforeininga Distriktsenergi.

Sjå side 2–3



Låg straumpris kan svekkje kommunar **4**

Unødvendig med namneskifte **5**

Enklare straumkvardag med ny teknologi **6**



Hemsedal Energi

## Ikkje nøgd

**I HAUSTENS UTGÅVE** av Vår Energi kan du lese at regjeringa ønskjer å innføre ei ordning for å jamne ut nettleiga. I statsbudsjettet foreslår regjeringa å løye 20 millionar kroner til utjamningsordninga. Bransjeorganisasjonen Distriktsenergi er på ingen måte fornøgd med storleiken på beløpet.

Vår Energi ser på korleis den lave straumprisen kan svekke kommuneøkonomien. Kraftprodusentane er stort sett offentleg eige av kommunar og fylkeskommunar, og inntektene går tilbake til fellesskapet.

Du kan også lese om at over 90 kraftsel-skap skal ha bytta namn innan utgangen av neste år. Allereie fra nyttår innførast det krav om selskapsmessig og funksjonelt skilje. – Unødvendig, fordyrande og byråkratiserande, seier nettsjef.

Vår Energi ser i tillegg på korleis kraft-selskap tar i bruk nye digitale verktyg for å spare kostnader og gi kundane eit enda betre tilbod.

Dette er nokre av sakene du kan lese meir om i magasinet du no held i handa. Husk å få med deg premiekryssordet og kunnskapskonkuransen. Premien er ein DAB-radio.

God lesing!

### Eirik Omvik

Redaktør

*Vår Energi har som føremål å gi deg informasjon om kraftmarknaden og kva du kan gjøre for å påverke straumrekninga. Magasinet inneholder blant anna råd og tips om straumsparing og branngryggleik, og vi håper at innhaldet kan gi betre forståing for korleis kraftmarknaden fungerer.*

# Skuffa over ny utjamningsordning

Regjeringa ønskjer å tildele 20 millionar kroner for å jamne ut skilnadene i nettleiga. – Vi er på ingen måte fornøgde, seier Knut Lockert i Distriktsenergi.

**UTFORDRINGER KNYTTA TIL** terrenget og store avstandar gjer at nettleiga kan variere med fleire tusenlappar i året avhengig av bustad i landet. Det eksisterte tidlegare ei støtteordning for å jamne ut dei største skilnadene, men i 2018 vart ordninga fjerna.

Etter ein del politisk tautrekking greidde Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) i fjor ut korleis ei ny støtteordning bør sjå ut. NVE gjorde framlegg om enten å gjeninnføre ei støtteordning finansiert over statsbudsjettet eller å innføre ei brukarfinsansiert støtteordning finansiert gjennom ei avgift.

No har regjeringa bestemt seg. Den gamle utjamningsordninga skal innførast på nytt i statsbudsjettet for 2021 med 20 millionar kroner som foreslått beløp. I motsetning til tidlegare skal beløpet ta omsyn til meirverdiavgift og elavgift.

**- Ikkje fornøgd.** Bransjeorganisasjonen Distriktsenergi, som representerer ei rekke små og mellomstore energiverk, er skuffa over det dei meiner er manglande tiltak.

– Det er eit steg i riktig retning etter fleire år med null kroner i nettutjamning. Likevel er det

framleis eit langt stykke å gå før vi snakkar om ei reell utjamning som gir fullgod utjamning av nettleiga i Noreg, seier dagleg leiar Knut Lockert.

Distriktsenergi er rett nok fornøgd med at budsjettposten nettutjamning er tilbake.

– Men vi er på ingen måte fornøgde med beløpet som er foreslått, og vi ønskjer oss også ei anna innretning på ordninga, seier han.

**Ønskjer avgift.** Lockert meiner det er openberre veikskapar ved løysinga til regjeringa.

– Utfordringa med å finansiere utjamning over statsbudsjettet er at storleiken på tilskottet fort vil variere frå år til år alt avhengig av kven som sit med fleirtalet på Stortinget. Under den tidlegare tilskottsordninga varierte beløpet frå 10 til 120 millionar kroner i året, seier han.

Distriktsenergi ønskjer å innføre ei avgift.

– Dersom kvar nettabonnt betaler 180 kroner i ei eiga avgift i året, gir dette totalt 700 millionar kroner til utjamning av nettleiga. I så fall vil ingen nettkunde i Noreg måtte betale meir enn 30 øre per kWh eksklusive avgifter, seier han.

Den gjennomsnittlige nettleiga i Noreg er 29,42 øre/kWh eksklusive avgifter.



Regjeringa føreslår 20 millionar kroner til utjamning av nettleiga. Stortinget skal avgjere saka.



**- Mindre enn rekna med.** Den andre store interesseorganisasjonen for energiselskap, Energi Norge, har heile tida ønskt seg ei støtteordning som tidlegare.

Direktør Kristin H. Lind er fornøgd med at den nye ordninga blir meir treffsikker og tar omsyn til kva kundane faktisk betaler i meirverdiavgift og elavgift. Men ho er overraska over beløpet.

– Beløpet på 20 millionar kroner er mindre enn vi har rekna med, seier Lind, og anslår at i underkant av 30 000 straumkundar truleg får nytte av ordninga.

Lockert i Distriktsenergi spår at utjamning blir ei viktig valkampsak det kommande året.

– Heldigvis veit vi at det er parti som vil gripe den i eit politisk landskap der distriktpolitikk

og spørsmålet om sentralisering eller ikkje står høgt på den politiske dagsorden, seier han.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: MORTEN SOLBERG



# Billig straum er dyrt for kommunane

Dei låge straumprisane er til glede for forbrukarane, men reduserer evna kraftselskapa har til å betale utbytte til eigarkommunane.

**DEN GJENNOMSNITTLEGE STRAUMPRISEN** for hushalda var 14,9 øre/kWh i årets andre kvartal. Det er eit historisk lågt nivå, ifølge Statistisk sentralbyrå.

Administrerande direktør Per Sigurd Hegerland i Hardanger Energi seier årsaka er store overskot av vatn i magasina og snø i fjellet etter mykje nedbør og ein mild vinter.

– Samtidig har det på grunn av mykje vind vore liten etterspørsel i Europa for å importere straum. I tillegg har det vore redusert kapasitet på mellomlandssambanda som blir brukte til å eksportere stram ut av Noreg, seier Hegerland.

Summen av magasinfylling, snø og grunnvatn blir omtalt som hydrologisk balanse og målt i terawattimer (TWh). Desto høgre tal TWh på lager, desto større sannsyn for låge prisar.

– Årsforbruket i Noreg ligg på om lag 145 TWh. Dersom vi møter vinteren med et overskott på 10 TWh, vil det gjerne gi utslag i lågare prisar. I vinter var overskottet 30 TWh, som er 30 TWh meir enn normalt, seier Hegerland.

**Rauda tal.** Dagleg leiar Arnt Sollie i Ren Røros seier at straumprisane får konsekvensar for økonomien til kraftprodusentar over heile landet

– Produsentane er som regel offentleg eigde av kommunar og fylkeskommunar, og

inntektene går tilbake til fellesskapet. Det er fleire selskap som har varsle redusert utbytte, noko som vil gå utover kommuneøkonomien fleire stader, seier Sollie.

Ren Røros produserer rundt 100 GWh kvart år.

– Kraftproduksjonen vår har gått med underskott i år. Men vi har heldigvis mange verksemder og fleire bein å stå på, og produksjonen

utgjer ein liten del av konsernet vårt. Dei andre forretningsområda ser til at vi har ein grei økonomi trass i eit vanskeleg år, seier han.

Hardanger Energi sin kraftproduksjon har også gått med underskott. Hegerland spår meir normale prisar utover hausten og vinteren.


– Eg trur prisane sakte, men sikkert vil komme opp på eit meir normalt nivå, med mindre det blir ekstremt mykje nedbør framover. Men eg trur straumen vil bli billigare enn den har vore dei siste vintrane, seier han.

**TEKST: EIRIK OMVIK**

**FOTO: MONA ADOLFSEN**

## GJENNOMSNITTLEG STRAUMPRIS EKSKL. MVA (ØRE/kWh)

KJELDE: STATISTISK SENTRALBYÅ





# Unødvendig med namneskifte

Innan utgangen av neste år må meir enn 90 kraftselskap byte namn.

– Unødvendig, fordyrande og byråkratiserande, seier nettsjef.

**FRÅ NYTTÅR STILLAST** det nye krav om såkalla funksjonelt skilje for kraftselskap. Regjeringa føreslo i slutten av oktober ei endring i energilova som gjer at nettselskap med færre enn 10 000 kundar får unntak frå kravet om funksjonelt skilje. Saka skal behandles i Stortinget før jul.

Dei nye reglane inneber blant anna at nettverksemda skal skiljast frå all anna verksemd, ikkje berre frå produksjon og omsetning av kraft. I tillegg kan ikkje nettselskapet ha same namn og profiling som resten av verksemda.

– Nettselskapets føretaksnamn, andre forretningsskjenneteikn og varemerke skal utformast slik at nettselskapet skil seg klart frå kraftleverandørar og frå andre føretak i det integrerte føretaket, heiter det i forskrifa.

Kravet om funksjonelt skilje blir sett i kraft frå nyttår, medan kravet om ulik profiling vil gjelde frå 1. januar 2022.

– **Trugar eksistensgrunnlaget.** – Krava er fordyrande og byråkratiserande, spesielt for

de mindre selskapa, seier dagleg leiar Jørgen Luggenes i Årdal Energi.

– *Kva synest du om kravet til omprofiling som er grunngitt med konkurranseomsyn i kraftmarknaden?*

– Eg synest det er unødvendig å tvinge selskap til å lage nye namn som ikkje har nokon tilknyting til lokalsamfunnet, seier han.

Luggenes meiner det i hovudsak er dei mindre selskapa som får problem med de nye reglane.

– Når ein har færre tilsette, er det nødvendig å kunne bruke ressursane der det trengst på tvers av selskapet. Alle dei nye krava fører til meir byråkrati og vil forverre eksistensgrunnlaget for små kraftselskap, seier Luggenes.

– **Forståing for krava.** Helgeland Kraft er eit av kraftselskapa som allereie har valt nytt namn for nettverksemda: Helgeland Kraft Nett.

– Vi skulle gjerne halde fast med namnet, men har forståing for kvifor myndighetene ønskjer at nettverksemda og straumsalselskap

ikkje skal ha like namn, seier konsernsjef Eivind Mikalsen i Helgeland Kraft.

Namnet på nettselskapet blir Linea, som betyr «linje» på latinsk. I tillegg til namneskiftet følgjer også ny farge og logo.

Dei nye reglane set også strengare krav til styresamsetjinga til kraftselskap. I forskrifta til Olje- og energidepartementet står det:

«Styreleiar, styremedlem, dagleg leiar eller andre tilsette med reell avgjerdsmyndighet i eit nettselskap som inngår i et integrert føretak, kan ikkje delta i leiinga i et føretak som driv annan verksemd innanfor det integrerte føretaket. Dagleg leiar i eit nettselskap kan ikkje vere dagleg leiar i morselskap eller kontrollerande eigar.»

Alle dei nye krava medfører utfordringar, medgir Mikalsen.

– Men vi skal prøve å verne kunden mest mogleg og redusere kostnadene til eit minimum. Kundane vil ikkje merke nokon endringar utover at namnet blir endra, seier Mikalsen.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: HAAKON BARSTAD

# Enklare straumkvardag med ny teknologi

Kraftselskap tar i bruk nye verktøy for å spare kostnader og gi kundane eit endå betre tilbod.

**DEI NYE SMARTE** straummålarane opnar opp ei rekke moglegeheiter for både kraftselskap og kundar. Hallingdal Kraftnett er eit av mange innovative selskap som tar i bruk ny teknologi.

– Digitalisering set oss i stand til å effektivi-

sere verksemda og redusere kostnadene slik at nettleiga blir så låg som mogleg. I tillegg forenklar digitalisering straumkvardagen til kundane, seier administrerande direktør Audun Grynning i Hallingdal Kraftnett.

Selskapet har laga ein eigen app til kundane, Min Strøm.

– Der kan ein få oversikt over straumforbruket frå time til time. Dette blir særleg nyttig når den nye nettleiga blir innført. Då vil effektforbruket til kunden – altså kor mykje straum ein bruker på same tidspunkt – påverke kor mykje ein betaler i nettleige, seier Grynning.

Appen varslar i tillegg om straumbrott og kvar i nettet straumen har gått.

– I nær framtid vil det også bli mogleg for kunden å sende meldingar til oss via appen. Ved straumbrott ringjer gjerne fleire samtidig for å fortelje om observasjonar og gi tips om kva som kan vere årsaka, seier han.

**Dronesynfaring.** Digitale verktøy forenklar også vedlikehaldsarbeidet til nettselskapet. Kragerø Energi starta for fire år sidan med å bruke kunstig intelligens i dronar ved synfaring av linjenettet.

– Området vårt er vêrutsett og har mykje skjergard og fjellandskap som er utfordrande å synfare ved å bruke mannskap og helikopter. På strekningar der vi tidlegare måtte skru av nettet og bruke to dagar på synfaring, kan vi nå synfare ved å filme med drone og bruke 10–15 minutt, seier konsernsjef Geir Elsebutangen.

Bileta blir deretter analyserte ved å bruke kunstig intelligens. Droneprosjektet er et samarbeid med Esmart System og tjue andre nettselskap.

– I framtida er planen at dronane kan bli sjølvstyrte og flyge ut så fort det kjem melding om feil, seier han.


**Sparer to årsverk.** Hallingdal Kraftnett bruker også kunstig intelligens for å analysere dronebilete av nettlolinjene. I tillegg har dei installert ei rekke små datamaskinar rundt omkring som gir informasjon om tilstanden i straumnettet.

– Dette gjer det mogleg å endre vedlikehaldsrutinar frå å vere tidsbestemte til tilstandsbaserte. Vi unngår dermed unødvendig vedlikehald, seier Grynning, som har som mål å spare omtrent to årsverk som kan brukast betre på andre måtar.

TEKST: EIRIK OMVIK

**«Digitalisering set oss i stand til å effektivisere verksemda og redusere kostnadene slik at nettleiga blir så låg som mogleg. I tillegg forenklar digitalisering straumkvardagen til kundane.»**

AUDUN GRYNNING, Hallingdal Kraftnett



Med ein eigen app får du full oversikt over ditt straumforbruk og kjende straumbrot i ditt område.

Dronar er eit døme på korleis kraftselskap nyttar ny teknologi for å effektivisere drifta og redusere kostnader.



FOTO: KJERGÅRD ENERGI





**«Dette skal vere eit prissignal for å motivere kundane til å fordele forbruket utover dagen, til dømes ved å lade elbilen gjennom natta»**

KJELL RUNE VERLO, NVE

# Ønskjer ny nettleige

Auka straumforbruk på same tidspunkt av dagen trugar kapasiteten i nettet. No kan det bli ny nettleige frå neste sommar.

**REGULERINGSMYNDIGHEIT FOR ENERGI** i NVE (RME) har forma ut ein ny modell for nettleige. Den nye leiga skal motivere forbrukarar til å fordele straumforbruket utover dagen til tider med mindre belastning på nettet, til dømes ved å lade elbilen om natta i staden for på ettermiddagen. I tillegg skal den i større grad reflektere dei faktiske utgiftene nettselskapa har.

Nettleiga vil på same vis som i dag ha eit fastledd og eit energiledd.

– Faste utgifter utgjer om lag 80 prosent av den totale rekninga til nettselskapa, medan kostnader knytte til overføring av straum står for dei siste 10–20 prosentane. Inntektene til nettselskapet frå energileddet skal derfor ikkje utgjere meir enn halvparten av deira inntekter, seier rådgivar Kjell Rune Verlo i Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE).

Mange nettselskap har i dag ei nettleige der energileddet utgjer rundt 70 prosent av det hushaldskundane betaler i nettleige. Desse selskapa må dermed redusere energileddet og auke fastleddet.

**Justere for effektbruk.** Effekt er eit mål på mykje straum som kan brukast på éin gong. Fastleddet i den nye nettleiga skal justerast etter effektforbruket til kunden. Har du eit stort straumforbruk i ein kort tidsperiode, skal du betale meir enn dei som ikkje har det.

– Dette kan gjerast ved at fastleddet blir basert på ei utrekning av effektforbruket til kunden det siste året eller til dømes på

sikringsstørleiken. Dette er det opp til nettselskapa sjølv å bestemme, seier Verlo.

I tillegg til det effektjusterte fastleddet kan nettselskapa velje om dei ønskjer å innføre eit energiledd som varierer avhengig av tid på døgnet eller årstida. Dermed kan det bli billigare å bruke straum på tider av døgnet der belastninga på nettet er lita, så her kan det vere pengar å spare for forbrukarane.

– Dette skal vere eit prissignal for å motivere kundane til å fordele forbruket utover dagen, til dømes ved å lade elbilen gjennom natta, seier Verlo.

Ifølgje RME vil 90 prosent av hushalda oppleve mindre enn 10 prosent endringar i nettleiga dersom dei held oppe det same forbruksmønsteret etter at dei nye tariffane er innførte.

**Fra 1. juli 2021.** RME ønskjer at den nye nettleiga skal setjast i kraft frå 1. juli neste år, og har no sendt forslaget til Olje- og energidepartementet, som skal bestemme om den nye nettleiga skal innførast eller ikkje.

Både Distriktsenergi og Energi Norge, dei to største interesseorganisasjonane for nettselskap i landet, er positive til forslaget, som dei meiner er eit fornuftig kompromiss som gir nettselskapa god fleksibilitet. Og ikkje minst er dette ei løysing som er enkel å forstå for forbrukarane.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: HAAKON BARSTAD



Veksten i talet på elbilar krev at utbygginga av ladestasjonar aukas. Elbilforeininga meiner utbyggingstakta må doblast.

# – Altfor få ladepunkt

Ved utgangen av 2025 vil det truleg rulle meir enn éin million elbilar på norske vegar. Det vil krevje opptil 10 000 fleire hurtigladepunkt, ifølge elbilforeininga.

**STORTINGET HAR SETT** som mål at alle bilar som blir selde i 2025, skal vere utsleppsfree. I dag er om lag 1 av 10 personbilar i Noreg ein elbil.

Ei tilstrekkeleg mengd hurtigladepunkt er viktigast for å lykkast med satsinga på elbilar, meiner generalsekretær Christina Bu i Norsk elbilforening.

Talet på ladestasjonar har auka dei siste åra, men utbyggingstakten må doblast for å halde tritt med elbilsalet.

– Ved utgangen av 2025 reknar vi med at det vil vere meir enn éin million elbilar i Noreg. Vi reknar med at det er behov for 9 700 fleire hurtigladarar innan den tid, seier ho.

Dette utgjer meir enn 1900 nye hurtigladarar per år og svarer til meir enn ei dobling av den årlege utbyggingstakten dei siste par åra.

**Bør kartleggjast.** I dag finst det 2 962 hurtig- og lynladepunkt fordelt på 851 hurtigladeladestasjonar.

– Totalt er det 315 000 elbilar. Dermed er det 106 elbilar per ladepunkt. Dersom ein berre ser på Tesla-bilar, er det i underkant av seksti Teslaer per superladar, seier Bu.

Styresmaktene har ikkje oversikt over kor mange ladestasjonar som bør byggjast.

– Det er ikkje berre persontrafikken som

skal elektrifiserast. Også varebilar, ferjer og bussar vil krevje gode ladeløysingar. Styresmaktene bør ta ei større rolle, til dømes ved at Statens vegvesen kartlegg kor mange ladestasjonar som bør byggjast, seier Bu.

**Behov for Enova-støtte.** Sjølv om det har komme mange hurtigladearratorar på banen dei siste åra, bør styresmaktene halde fram med å gi økonomisk byggstøtte i enkelte område, meiner Bu.

– Både i Finnmark og Nordland, der det er lite lønnsamt å byggje ut, er det behov for økonomisk støtte frå styresmaktene gjennom Enova, seier ho.

Fleire lokale kraftselskap i Finnmark har fått støtte til å byggje 25 hurtigladestasjonar. Blant dei er Repvåg Kraftlag, som no har starta arbeidet med å byggje sju ladestasjonar, ifølge



## TAL PÅ OFFENTLEGE LADEPUNKT I NORGE



KJELDE: [WWW.NOBIL.NO \(ENOVA OG ELBILFORENINGEN\)](http://WWW.NOBIL.NO (ENOVA OG ELBILFORENINGEN))

\*Sist oppdatert: 21. september 2020

elverksjef Oddbjørn Samuelsen.

– Utan støtta frå Enova hadde ikkje vi ikkje vore i stand til å realisere ladestasjonane. Men det burde også blitt gitt tilskott til å drifta stasjonane heilt til det er mange nok elbilar til at lading kan finansiere drift og vedlikehald, seier han.

Utbrygginga kjem i stand fordi Repvåg Kraftlag ønskjer å ta samfunnsansvar i elektrifiseringa av sin del av landet.

– Alle stasjonane skal vere klare innan utgangen av 2021. Dei første stasjonane blir sette i drift i haust, seier Samuelsen.

Enova har no lyst ut ei liknande støtterunde for å byggje ladestasjonar i Nordland og Namdalen med søknadsfrist i desember.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: SMILE FIGHT /SHUTTERSTOCK.COM

**Definisjon:** Eit ladepunkt er ein reservert parkeringsplass der det er mogleg å lade ladbare køyretøy. På eitt ladepunkt kan det vere meir enn éin kontakt, men berre plass til eitt køyretøy om gongen.



# Spar straum med riktig innetemperatur

Ved å senke innetemperaturen og bruke smart varmestyring kan du spare helsa, miljøet og lommeboka.

**OPPVARMING AV ROM** utgjer om lag halvparten av straumrekninga i dei fleste hushalda. For kvar grad innetemperaturen blir senka, er det mogleg å spare rundt fem prosent av energibruken som går med til oppvarming.

Ein kan også oppnå helseinstar ved å senke temperaturen. Dersom du har det for varmt, blir luftkvaliteten därlegare, og du kan få hovudverk og problem med konsentrasijsjonen. Høgre temperaturar gir også meir avgassing frå golv, vegger og tak, i tillegg til større risiko for fukt.

Temperaturen innomhus bør ikkje stige over 22 grader, ifølge Folkehelseinstituttet. På soverommet er tilrådinga maksimalt 18 grader.

Det er mogleg å spare rundt 20 prosent av utgiftene til oppvarming dersom du senkar temperaturen om natta og på dagtid når du ikkje er heime. Dersom du ikkje har panelomnar med høve til dag- og nattsenking, er det billigaste alternativet å kjøpe ein smart straumplugg med temperatursensor.

**Andre sparetips.** Det finst også andre måtar å spare straum på. Her er nokre av dei mest effektive:

- **Sparedusj:** Kan halvere utgiftene til dusjing. Luft effektivt med full gjennomtrekk: Ikkje luft ved å la eit vindauge stå på gløtt i lang tid. Då kjøler du ned overflater og aukar behovet for oppvarming.

- **Unngå unødvendig varmetap:** Sjå til at golv, vegger og vindauge er godt nok isolerte.

- **Nytt kjøleskap og ny frysar:** Kjøleskap og frysarar er blitt meir energieffektive. Det

kan derfor lønne seg etter kvart å kjøpe nytt.

- **Kjøp straumeffektive kvitevarer:** Dei fleste kvitevarane er merka med energibehov på ein skala frå A++ (best) til G (dårlegast).

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: REDPIXEL.PL / SHUTTERSTOCK.COM

## NYE ENOVA-SATSAR

Enova har ei rekke støtteordningar for deg som ønskjer å gjøre oppvarminga meir miljøvennlig. Frå 1. januar 2021 blir desse støttesatsane endra:

- Støtta til luft-vatn-varmepumpe og avtrekksvarmepumpe blir fjerna.
- Maksimal støtte til balansert ventilasjon blir endra frå 15 000 kroner til 10 000 kroner.
- Den faste støttesatsen til solfangar blir endra frå 10 000 kroner til 5 000 kroner. Satsen på 200 kroner per kvm inntil 25 kvm skal vidareførast.
- Den faste støttesatsen til elproduksjon blir endra frå 10 000 kroner til 7500 kroner. Satsen på 1250 kroner per installert effekt inntil 15 kW skal vidareførast.

Sjå [www.enova.no](http://www.enova.no) for meir informasjon og oversikt over andre støtteordningar.



## TILRÅDDE INNETEMPERATUR

|              |          |
|--------------|----------|
| Oppholdsrom: | 20–22 °C |
| Kjøkken:     | 20 °C    |
| Gang/entré:  | 18 °C    |
| Soverom:     | 15 °C    |
| Bad:         | 22–24 °C |

KJELDE: ENOVA



# KONKURRANSE

Test kunnskapane dine etter at du har lese Vår Energi



**1** Kva for temperatur blir du tilrådd å ha på soverommet?

Svar: A: 18 grader. B: 16 grader. C: 15 grader.

**2** Når blir kravet om funksjonelt skilje sett i verk?

Svar: A: 1. januar 2021. B: 1. januar 2022. C: 1. juli 2021.

**3** Kva var den gjennomsnittlege straumprisen for hushald i andre kvartal i år?

Svar: A: 14,9 øre/kWh. B: 12,5 øre/kWh. C: 16,5 øre/kWh.

**4** Kva for selskap har laga appen *Min Strøm* til kundane sine?

Svar: A: Ren Røros. B: Årdal Energi. C: Hallingdal Kraftnett.

**5** Kor mykje ønskjer regjeringa å tildele for å jamne ut forskjellane i nettleige?

Svar: A: 100 millionar kroner. B: 20 millionar kroner. C: 10 millionar kroner

Send løysing på konkurransen innan 1. februar 2021 til:

Vår Energi, Postboks 1182 Sentrum, 0107 OSLO

Merk konvolutten «konkurranse 2-20»

Vi trekkjer ein vinnar som får ein dab-radio!

Navn:

Adresse:

Postnr/-sted:

Telefonnummer:

Vi gratulerer vinnaren av ein dab-radio  
i Vår Energi nr 1 i 2020:

Ellen K Borgeteien,  
3629 NOR

# ENERGI-KRYSS

FOTO: SHUTTERSTOCK.COM



| XORD<br>.no                         | BLØT-<br>DYRENE | FOLKE-<br>REKKE   | FOR-<br>TEGNER   | SKRAPET       | BUSKAP          | DRIKKE-<br>BEGER | RØD<br>TRÅD    | DEKK<br>MED<br>STEIN | UMED-<br>GJØRLIG   |
|-------------------------------------|-----------------|-------------------|------------------|---------------|-----------------|------------------|----------------|----------------------|--------------------|
|                                     |                 | EGGE              |                  | REGNE         | SKULE           |                  |                |                      |                    |
| STED<br>FOR<br>GJENFERD             |                 |                   |                  |               |                 |                  |                |                      |                    |
| NUMERAL                             |                 |                   | PLANTE-<br>SLEKT |               |                 |                  | VANÆRE         |                      |                    |
|                                     |                 |                   | FAKTE            |               |                 |                  | M.NAVN         |                      |                    |
| IRRI-<br>TERER                      |                 |                   |                  |               |                 | TULLER           |                |                      |                    |
|                                     |                 |                   |                  |               | BILDE           |                  |                |                      |                    |
| JOVIAL                              |                 |                   |                  |               | SVELLE<br>OPP   |                  |                |                      | AVINDS-<br>MENNENE |
| FNYSTE                              | ↓               | OPP-<br>FØRE      |                  | KAN HUS<br>HA | FOR-<br>FRISKE  | ↗                |                |                      |                    |
|                                     |                 | KASSEBIL          | ↓                |               | NABOER          |                  | →              |                      | NYNORSK<br>JEG     |
| BOLIG-<br>STRØK I<br>VESTRE<br>AKER | →               |                   |                  |               | PÅSTAND         |                  | ANGRE          |                      |                    |
|                                     |                 |                   |                  |               | FOR-<br>KORTE   |                  | EN-<br>BÄRNE   |                      |                    |
|                                     |                 |                   | FISK             |               | FOR-<br>SKRIFT  |                  |                | KURVE                |                    |
|                                     |                 |                   | AFTEN            |               | VOLL            |                  |                | ARISTO-<br>KRATI     |                    |
| JAMRE                               |                 |                   |                  | SYNKE         |                 | GEMENE           |                |                      |                    |
|                                     |                 |                   |                  | AVIS          |                 | FUGE             |                |                      | GODER              |
|                                     |                 | HUSTRU            |                  | PUSSE         |                 |                  | DORSK          |                      |                    |
|                                     |                 | BOM               |                  | MAN           |                 |                  | SPRUDLE        |                      |                    |
| ART.                                | ↳               |                   |                  |               | FOR-<br>TYNNE   |                  |                | MÄNE                 |                    |
|                                     |                 |                   |                  |               | ENE-<br>CELLE   |                  |                | DUPPET<br>AV         |                    |
| FULL-<br>MAKT                       | FORSET<br>SEG   |                   | NEDE I           |               | BETAL-<br>INGER |                  |                |                      |                    |
|                                     | PULS-<br>ÅRE    |                   | FORSPILT         |               | JEVNE           |                  |                |                      |                    |
|                                     |                 |                   | SKAP-<br>NINGER  |               |                 |                  | DJEV-<br>ELSK  |                      |                    |
|                                     |                 |                   | UORDEN           |               |                 |                  | BRY SEG<br>OM  |                      |                    |
| FRØYAS<br>MAKE                      |                 | STOFF             |                  | ↳             |                 | EKSI-<br>STERTE  |                |                      |                    |
|                                     |                 | SNODIG            |                  |               |                 | KNEIPE           |                |                      |                    |
| GJØR<br>KLAR                        |                 | SPANSK<br>MATRETT |                  |               | HUNDE-<br>GÅRD  |                  |                |                      |                    |
|                                     |                 | BOKSE-<br>UTTR.   |                  |               | VINYL-<br>PLATE |                  |                |                      |                    |
| DRIFTS-<br>MASKIN                   |                 |                   |                  | FOST-<br>RER  |                 |                  | LANG-<br>SOMME |                      |                    |
| AKSEPT                              |                 |                   |                  |               |                 |                  |                |                      |                    |
|                                     |                 | FRED              |                  |               |                 |                  |                |                      |                    |
|                                     |                 | MAT-<br>EMNER     |                  |               |                 |                  |                |                      |                    |

Send løysing på premiekryssordet innan 1. februar 2021 til:  
 Vår Energi, Postboks 1182 Sentrum, 0107 OSLO  
 Merk konvolutten «kryssord 2-20»

Vi trekkjer ein vinnar som får ein dab-radio!

Navn:

Adresse:

Postnr/-sted:

Telefonnummer:

Riktig løysing frå nr 2-20:  
**KRAFTSELSKAPER SKAPER STORE  
VERDIER FOR LOKALSAMFUNNET**

Vi gratulerer vinnaren av ein dab-radio  
i Vår Energi nr 1 i 2020:

Hugh Martin Dahl,  
9147 BIRTAVARRE

**Returadresse:**

Energi Forlag AS  
Christian Krohgs gate 16  
Postboks 1182 Sentrum  
NO-0107 OSLO



# Ristar bacon på fem minutt

Enkel å gjøre rein og morosam å vise fram. Frukosten blir aldri den same med Bacon Express.

**AV ALLE SYNDER** som går føre seg på kjøkkenet, er bacon blant dei det er aller vanskelegast å motstå. Det lettsalta svineflesket, gjerne saman med speilegg, har no fått sin frelsar. I alle fall om vi skal tru Nostalgia Electrics, produsenten bak baconristaren Bacon Express.

For baconristaren byr på ein meir helsefremjande steikjemetode. På Bacon Express heng baconskivene vertikalt. Dermed dryp feittet ned til botnen, og ein unngår å steikje baconet i sitt

eige feitt. Neppe sunt, men litt mindre usunt får vi vone.

I tillegg går steikinga raskare enn dei tradisjonelle metodane i omn eller steikjepanne. Ristaren har plass til seks baconskiver om gongen. Alt du treng å gjøre, er å leggje skivene over steikjeflata i midten av ristaren og velje mellom to styrkegrader, tynn eller tjukk. Fem minutt seinare er dei sprøsteikte baconskivene klare til servering.

Reingjeringa skal vere leikande lett. Botnen av ristaren der feittet samlar seg, kan takast ut og reingjerast. Steikjeflata har slippbelegg og kan også takast ut for vask.

Av alle ting du ikkje veit at du treng, er Bacon Express av den meir kuriøse sorten. Men kanskje er ristaren den perfekte gåva til baconelskaren som har prøvd dei fleste metodane som finst.

TEKST: EIRIK OMVIK

FOTO: NOSTALGIA ELECTRICS